

Fotballhall i Ølen

Ein samlingsplass for glede, mestring, samhold og respekt.
Full av aktivitet - frå morgen til kveld!



ØLEN IL- IDRETT OG SAMHOLD FOR OVER 500 MEDLEMMER - KLARE FOR EIN FOTBALLHALL

Ølen Idrettslag er ein aktiv og inkluderande klubb med over 500 medlemmer fordelt på fotball, symjing, handball, tilrettelagt handball, basketball, sykling, badminton, padeltennis og trim. Me er stolte av å vere ein klubb for alle – ein sosial møteplass der barn, unge og vaksne finn idretts glede, meistring og samhald.

Sterke verdiar

Våre grunnverdiar er glede, meistring, samhald og respekt. Vi legg vekt på å skape eit trygt og inkluderande miljø der barn og unge kan utvikle seg både sportsleg og sosialt.

Klubbhuset vårt er ein sosial arena der ungdom kan samlast utanfor idretten. Vi har lagt til rette for ein god møteplass med TV, biljard, Playstation og dart – ein stad for vennskap og fellesskap.

Fotball – den største gruppa i klubben

Med over **300 aktive medlemmer** er fotballgruppa den klart største i Ølen IL. Kvar sesong stiller vi med **20 lag i seriesystemet**, frå 8 år og oppover. I tillegg har vi store barnegrupper frå 6-7 år som skapar eit godt grunnlag for vidare utvikling. Fotballgruppa består av spelarar frå heile Vindafjord kommune og har samarbeid med Etne IL. Ølen IL har den største ungdomsgruppa for fotball på Indre Haugalandet, og kampar på Sparebank 1 Sør-Norge Ølen Stadion er ein viktig møteplass for både spelarar, trenarar, foreldre og lokalmiljøet.

Fotballhall - full av aktivitet

For å møte den aukande interessa og sikre aktivitet heile året, satsar Ølen IL på å realisere ein ny fotballhall. Dette vil gi endå fleire barn og unge moglegheita til å delta i idrett uavhengig av vêt og årstid.

Ein fotballhall er ei stor og viktig investering. I fellesskap; idrettslaget, kommunen, næringslivet og stiftelsar og andre gode samarbeidspartnarar kan me skape eit anlegg som gir ein god samlingsplass full av aktivitet, året rundt - uansett vêt.

Me opplever stort støtte om prosjektet, frå innbyggjarane, frå Kommunen og Næringslivet - å gjer Ølen og Vindafjord Kommune til ein attraktiv plass er noko alle ønsker, og ein slik hall vil bidra til dette.





KVIFOR FOTBALLHALL I ØLEN?

Ein fotballhall i Ølen vil sikre at barn og unge har eit heilårs treningstilbod, skape fleire turneringar og vere ein møteplass for lokalsamfunnet. Samstundes vil hallen gi skulane betre treningsfasilitetar og vere eit trekkplaster for nye aktivitetar. Vi har allereie sterk støtte frå kommune og næringsliv – dette er eit prosjekt for framtida.

Vindafjord Kommune har **investert 20 MNOK** i oppkjøp, regulering og klargjering av nytt idrettsområde sentralt i Vindafjord. I tillegg har kommunen budsjettert med **10 MNOK** i forbetring av tilkomst til anlegget.

Skulane i Ølen har behov for betre treningsfasilitetar. Ølen skule og Ølen vidaregåande skule ligg nær hallen og blir faste leigetakarar.

Dette gir elevane fleire moglegheiter for fysisk aktivitet og sikrar at hallen er i bruk gjennom heile dagen.

Idrettslaget oppleverer også kapasitetsutfordringar i forhold til gjennomføring av trening og kamp i sesongen.

FLEIRE OG STØRRE ARRANGEMENT

Ølen IL vil utvide kapasiteten til fotballskule og fotballcup. Ein planlegg fleire cupar og arrangement, både fotball og håndball.

BETRE KAPASITET - ÅRET RUNDT

Det er behov for meir kapasitet til treningar og kamp. Anlegget vil kunne nyttast året rundt. Ølen ligg sentralt til, og samarbeider med andre klubbar for å gi eit godt tilbod til idrettsinteresserte unge og vaksne.


INKLUDERING OG INTEGRERING - NY SAMLINGSPLASS

Ein fotballhall kan vera ein trygg og inkluderande møteplass der idretts glede står i sentrum. Med mange nye innbyggjarar i bygda blir hallen ein naturleg møteplass der idretts glede skapar fellesskap på tvers av bakgrunn.


MILJØVENNLEG LØYSING

I samarbeid med Fatland Slakteri vil ein utnytte spillvarme for å kunne tilby gratis energi på ein miljøvennleg måte til oppvarming av hall og garderobeanlegg.

SLIK BLIR HALLEN



- Stålkonstruksjon, 77x57m, 12,5m utvendig høyde. Innvendig minimum 9m. Sandwich-elementer. Isolert til min 12 grader. Bygd iht TEK-17 krav. Inkluderer lager (200 kvm) og teknisk rom
- 70 x 50 m speleflate / 9-er bane (som gir moglegheit for 2stk 7-er banar).
- Garderobar og mingleområde: Fire moderne og universalt utforma garderobar med toaletter og eigen dommar/trenargarderobe. Mingleområde med god innsikt til banen
- Moglegheiter for andre idrettar (håndball, badminton, bordtennis, løpebanar med meir)
- Miljøvennleg oppvarming - spillvarme frå Fatland Slakteri sikrar energieffektiv drift
- Utleigemoglegheiter: På dagtid (4 dagar til veka) blir den leigd ut til lokale skular. I tillegg kan næringsliv og andre leige den for større arrangement





FOTBALLHALLEN - BRUKSOMRÅDER

- **Organiserte treningar og kampar:** Fast treningsarena for Ølen IL og samarbeidsklubbar.
- **Cupar, turneringar og store arrangement:** Eksisterande cupar, fotballskule o.l. kan utvide kapasiteten. Fleire nye cupar vil bli arrangert. Moglegheit for arrangere overnattingscupar som skaper god aktivitet i bygda.
- **Folkehelse - Tilbud for alle:** Hallen blir ein viktig arena for fysisk aktivitet på tvers av alder og nivå. Vil også kunne nyttast til senioridrett mosjonsgrupper og spesialtilpassa idrettar
- **Ein inkluderande samlingsplass - ope for uorganisert aktivitet:** Tilgjengleg for barn og unge utan at det er krav om organisert aktivitet. Blir ein trygg stad å møtast for fysisk aktivitet, leik og sosialt samvær
- **Skulebruk og samarbeid med lokalt næringsliv:** Ølen skule og Ølen vidaregåande skule vil bruke hallen til gymtimar og fysisk aktivitet. Samarbeid med næringslivet om helsefremjande og sosiale tiltak som bedriftsidrett.
- **Miljøvennlig, framtidsretta og fleksibel bruk:** Hallen er godt isolert, og kombinert med spillvarme frå Fatland Slakteri vil den gi energieffektiv drift. Hallen kan nyttast til andre idrettar og arrangement - og kan vera ein god møteplass for heile bygda

Gåfotball holder gamlingene friske

Erasmus+
Enriching lives, opening minds.

Sist oppdatert: 3. juni 2024

– Denne treningen er så lystbetont. Vi holder oss friske og i form. Det handler om livskvalitet, sier Stig H. Christensen (71) og smiler.



DEL AV HEILHETLEG PLAN: ØLEN IDRETTSPARK - EIT OMRÅDE MED ALLSIDIG AKTIVTET



Ølen sitt idrettsområde er i stadig utvikling og vil gi eit komplett anlegg for aktivitet, idrett og samhald. Området som no er regulert til idrettsføremål, kombinert med eksisterande fasilitetar, legg til rette for eit breitt spekter av aktivitetar for både organiserte og uorganiserte brukarar.

Innanfor 200 meter frå Sparebank 1 Sør-Norge Stadion vil ein ha tilgang til: fotballbanar, idrettshall, sykkelløyper, racerbane for radiostyrte bilar, og eit Klubbhus som er ein sosial møteplass med fleire gode aktivitetar.

I tillegg er det planar for vidare utvikling av idrettsområdet, inkludert:

- ◆ Zip-line – Ei spennande attraksjon for både barn og ungdom.
- ◆ Innandørs padeltennisbane.
- ◆ Svømmebasseng – Vil gi enda fleire moglegheiter for trening og folkehelse.

Idrettsområdet blir eit naturleg samlingspunkt sentralt i Ølen, med aktivitetstilbod for alle.



BUDSJETT OG FINANSERING



Å bygge ein fotballhall av denne størrelsen er ei stor investering. Inkludert MVA er det budsjettert med i overkant av 45 MNOK. Budsjettet er i stor grad basert på innhenta tilbod (hall, kunstgras, mobilt dekke), medan resten er basert på budsjettprisar / erfaringstal. Stor del av finanseringa er på plass med avtalar med næringsliv, kommune, fylke og stiftelsar.

INVESTERING (INKL MVA)

	Beløp
Prosjektering	125,000
Administrasjon	1,025,000
Grunnarbeider	5,000,000
Fundamentering	1,400,000
Hall	20,500,000
Kunstgras	1,875,000
Lys og elektro	3,000,000
Ventilasjon	625,000
Lager/teknisk	2,500,000
Garderobe + mingleområde	6,265,236
Finanskostnader - byggelån	600,000
Mobilt dekke / andre idrettar	625,000
Varmeanlegg	1,250,000
Uforutsett	1,000,000
Totalt	45,790,236

Merk også følgande:

- Prefab Partner leverer hallen uten påslag for alle anskaffelsar dei gjer. Dette har redusert kostnadane med omlag **2 MNOK**
- Omega AS inkludert fleire ansatte har gitt tilsaman 1,4 MNOK aksjar i Skånevik Ølen Kraftlag (tilsvarar ca **1,8 MNOK** i verdi)

FINANSERING

	Beløp
Spelemidler	7,100,000
SR-bank Stiftelsen	2,000,000
Vindafjord Kommune	6,000,000
Egenkapital	3,000,000
Ølen U&A	1,500,000
Grendautvalg	500,000
SØK-stiftelsen	2,200,000
Dugnad	1,800,000
Gave MittDistrikt Invest	1,000,000
Gave Jovi Invest	1,000,000
MVA Refusjon	8,478,047
* Næringsliv & Stiftelsar (estimat): 6,000,000 (søkes om)	6,000,000
Lån	5,212,189
Totalt	45,790,236

* Arbeides med / søkes om i første kvartal 2025.

DRIFTSBUDSJETT



Det er viktig for idrettslaget å ha eit robust driftsbudsjett. Kostnadane til energi blir kraftig redusert takka vera Fatland Slakteri som leverer gratis spillvarme (minst 105 kW). Eksisterande fotballskule og fotballcup vil bli utvida, og ein kan ha fleire arrangement. Dette vil auke inntektene.

Ein vil også selge sponsorpakkar, inkludert namn på hall. Dette arbeidet vil intensiverast framover.

Ølen Idrettslag har ein sunn økonomi, og har dei siste par åra hatt eit årleg overskot på minimum 400,000 kr.

Ølen IL har også, som ein del av prosjektet, motatt aksjer i Skånevik Ølen Kraftlag med ein verdi på omlag 1,8 MNOK (basert på siste omsetning). Desse aksjene forventes å gi eit utbytte på kr 65,000 - 85,000 i året basert på utbytter dei siste åra. Dette beløpet er ikkje inkludert i finanseringsplanen.

DRIFTSKOSTNADER

	Beløp
Straum	350,000
Vedlikehold	150,000
Renter og avdrag (6% av 5,212,189)	373,000
TOTALT	873,000

ÅRLEGE INNTEKTER

	Beløp
Utleige Ølen Vidaregåande Skule*	400,000
Utleige samarbeidsklubbar	50,000
Utleige/sponsorpakker næringsliv / andre aktørar	200,000
Eigne arrangement (cup, fotballskule, ++)	300,000
Utleige, Ølen Ung & Aktiv *	50,000
Intern leige – fotballgruppa *	100,000
TOTALT	1,100,000

* Bekrefta. Resterande er anslag.


LIKVIDITET



Viktige deler av finansering av prosjektet er spelemidler og MVA-refusjon. Vindafjord Kommune har eit fond oppretta av kommunen og næringslivet kor midler blir forskuttet. Dette er viktig for å redusere lånegraden i påvente av endelig utdeling av spelemidler. Deler av finanseringa (SØK-midlene og Grendautvala, totalt 2,7 MNOK betales ut over ein fem års periode). MVA refusjon kjem i etterkant av slutføring av prosjektet. God oppfølging av likviditet er derfor sentralt.

Ølen IL har avtale med Ølen Ung og Aktiv om rentefritt lån på kr 1,5 MNOK under byggeperioden. Sparebank 1 Sør-Norge har bekrefta at dei stiller seg positiv til å gi nødvendig lån.

Fram til spelemidler er forskuttet og MVA refundert vil det maksimale lånebehovet vera omlag 15 MNOK over ein kortare periode. Deler (1,5 MNOK) er då eit rentefritt lån frå Ølen Ung & Aktiv.



TIDSPLAN

Målet er at fotballhallen er klar til bruk andre kvartal 2026. Planlegging av prosjektet er i gong, geoteknisk prosjektering er ferdigstillt, det arbeides med byggetillatelse, intensjonavtale med leverandører av hall og kunstgras er inngått. Oppstart grunnarbeider planlegges seinast tredje kvartal 2025.

